

## **INNTAKSREGLEMENT VED JÆRTUN LUTHERSKE FRISKULE**

Vedteke i skulestyret 28.01.2020

### **§ 1**

Jærtun Lutherske Friskule står open for alle som fyller vilkåra for opptak i tilsvarande offentleg skule. Skulen har heile landet som inntaksområde. Ein søker på skulen sitt søknadsskjema.

### **§ 2**

Rektor er ansvarleg for opptaket. Dette skal skje i tråd med dette inntaksreglementet og reglane i Privatsk.lov § 3-1.

### **§ 3**

a) Ved førespurnad frå foreldre som ynskjer å få barnet sitt inn som elev ved skulen, får foreldra tilbod om ein informasjonssamtale med rektor. Han skal då gjera greie for skulen og foreldra skal verta gjort kjende med føremålet og grunnlaget til skulen. Foreldra skal også få skulen sin generelle læreplan, skulen sitt reglement etc. Det er ein føresetnad for å ha borna ved Jærtun Lutherske Friskule at foreldra aksepterer skulen sin ståstad og utviser rimeleg grad av lojalitet mot denne dersom dei ikkje sjølv står inne for han, slik at ikkje borna kjem i ei lojalitetsklemme mellom heim og skule.

b) Ved eventuell prioritering skal dette skje i denne rekkefølge: 1. Sysken av elevar som allereie er opptekne ved skulen. 2. Born av tilsette ved skulen. 3. Born av medlemmer i skulen sine styre- og rådsorgan. 4. Søklarar som ynskjer skulen ut frå kristendomsundervisninga som dåpsopplæring eller skulen sin kristne eigenart. Ein kan berre visa til slik prioritet når skriftleg søknad om elevopptak er sendt innan søknadsfristen.

c) Søknader til 1. klasse har søknadsfrist 1. august fem (5) kalenderår før skulestart. Elles vert søknader handsama og elevar tekne opp, etter som dei søker. Det vert ikkje teke inn elevar i 10. klasse etter 1. september.

d) Dersom søknadene innan søknadsfristen er fleire enn ledige elevplassar, skal ein prioritera søknadene etter kriteria i pkt. b i denne paragraf, med eventuell loddtrekning i aktuell gruppe. Opptaket skal gjerast slik at det totale elevtalet skulen er godkjent for ikkje skal verta overskride, også når ein tek omsyn til innvilga søknader av elevar som enno ikkje har starta på skulen. Dessutan skal ein halda seg innanfor det maksimale elevtalet pr klasse som styret har vedteke. Styret kan ved særlege høve gjera vedtak om inntaksstopp for ein viss periode. Styret kan gjere vedtak om oppstartstidspunkt.

### **§ 4**

Undervisning i kristendomskunnskap er obligatorisk. Ein har ikkje høve til fritak tilsvarande ordninga i den offentlege skulen. Skulen er oppretta på religiøst grunnlag, jfr. Privatskolelova § 2-1.

### **§ 5**

Skulepengane vert fastsette av styret for Jærtun Lutherske Friskule. Det er ein føresetnad at foreldre/føresette som har born i skulen betalar skulepengar etter gjeldande satsar.

Ved opptak skal søker/foreldra betala eit forskott på skulepengar kr. 1000,-. Desse vert normalt ikkje betalte tilbake om søker seinare trekkjer seg.

### **§ 6**

Eventuell klage på elevopptaket går via skulen til Fylkesmannen i Rogaland.

### **§ 7**

Inntaksreglementet er vedteke av styret for Jærtun Lutherske Friskule som også kan vedta eventuelle endringar. Søknadsskjema vert utforma av rektor, som også til ei kvar tid avgjer kva for opplysningar skulen skal be om innanfor det regelverket som elles gjeld i slike saker.